

## Reglar for fritt skuleval innan Sande kommune gjeldande frå 01.08.2020

Reglane er laga med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 8-1 og vedtaket i Sande kommunestyre 28.04.20 pkt. 2:

«Det vert opna for fritt skuleval i Sande kommune innanfor dei reglar som kommunestyret vedtek.»

Punktet om fritt skuleval innan Sande er også teke inn i Forskrift om skulestruktur i Sande kommune.

### Reglar:

1. Elevar i Sande kommune skal som hovudregel gå på nærskulen sin, jfr. *Forskrift om skulestruktur i Sande kommune*.
2. Frå 01.08.2020 kan elev/føresette søkje om at eleven skal gå på ein annan skule i Sande enn nærskulen sin.
3. Søknadsfrist er 1. mai for neste skuleår. I 2020 er fristen 10. juni. Søknadsprosedyrer vert lagt ut på kommunen sine web-sider.
4. Skulebyte vert gjort frå skulestart om hausten. Nytt skulebyte kan tidlegast søkjast om året etter.
5. Vedtak om skulebyte er eit einskildvedtak med klagerett, og vert vurdert i kvart einskild tilfelle.
6. Følgjande avgrensingar og presiseringar gjeld:
  - a. Søknaden vert innvilga dersom det er plass på skulen det vert søkt til, og dersom det ikkje fører til klassesdelingar/uforholdsmessig store kostnader.
  - b. Meirkostnader ved skyss er i utgangspunktet elev/føresette sitt ansvar, og det vert i utgangspunktet ikkje oppretta nye skyssordningar som følgje av skulebyte.
  - c. Forlenga reisetid vert elev/føresette sitt ansvar.
  - d. Ved behandling av søknaden vert det elles gjort vurderingar om avstand, om eleven har sysken, trafikk- og tryggleiksmessige forhold, evt. sosiale/medisinske forhold, praktiske og pedagogiske omsyn.

*Reglane er vedtekne i Sande kommunestyre 26.05.2020.*